



Sakspapir

SAKSGANG

| Utval | Møtedato | Saknr |
|--|------------|--------|
| Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) | 05.02.2018 | 003/18 |

Arkiv: GBNR - 41/194, FA - L12, KOM - 1259
Sakshandsamar: Øyvind Lunde

Arkivsaknr: 17/2266 - 5

Planprogram - Detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO2

Kort om saka:

Den 9. november 2017 vart det bestemt at det skal etablerast mottaksanlegg for CO2 i Naturgassparken i Øygarden kommune under føresetnad av at Stortinget seinare godkjenner finansiering av plan for utbygging og drift (PUD) og plan for anlegg og drift (PAD) for lageranlegget. Det skal fangast CO2 frå industrianlegg på austlandet, som skal transporterast med skip til mottaksanlegg i Naturgassparken. Her vil CO2 bli pumpa over frå skip til tankar på land, før den blir sendt i rør og injisert og permanent lagra førebels antatt 1000-2000meter under havbotnen i Smeaheia området.

Det vart halde oppstartsmøte om reguleringsarbeidet på Øygarden rådhus den 13.11.2017. Referat frå oppstartsmøtet følgjer vedlagt. Statoil er forslagsstillar til planarbeidet, med ABO Plan & Arkitektur AS som plankonsulent.

Det vart i møtet avklart at plan og tiltak er underlagt krav til konsekvensutgreiing. Jfr. kapittel 4 i plan- og bygningslova, med tilhøyrande forskrift om konsekvensutgreiingar av 01.07.2017.

Det vart påpeika som viktig å samordne prosess for konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova og lagringsforskrifta.

Den 15.01.17 vart det motteke e-post frå Statoil med utkast til planprogram for «Detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO2» for handsaming i kommunen. Det var lagt ved kartutsnitt av førebels plangrense som er meint å liggje til grunn for varsel om oppstart av planarbeid.

Del av skissert planområde går også inn i Fedje kommune. Planprogrammet omhandlar reguleringsområdet totalt både for del i Øygarden og i Fedje.

Kvar av kommunane tek stilling til den del av planprogrammet som gjeld eigen kommune.

Basert på nokre få merknadar til planprogrammet frå administrasjonen, vart det den 19.01 motteke eit revidert forslag til planprogram frå Statoil. Det er revidert forslag som er gjenstand for behandling.

Dokument vedlagt saka:

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|------------|--|--------|
| 23.01.2018 | Gnr/bnr 41/194 Kollsnes næringspark - Northern Light: F Oversending av oppdatert utkast til planprogram | 59391 |
| 23.01.2018 | Overs. dok. | 59392 |
| 23.01.2018 | Planområde Øygarden nord | 59393 |
| 23.01.2018 | Planområde Kollsnesområdet | 59394 |
| 23.01.2018 | Planprogram for Detaljreguleringsplan for mottak mellomlagring og eksportanlegg for CO2 - 20180119 | 59395 |
| 23.01.2018 | Planområde Fedje | 59396 |
| 28.12.2017 | Utkast til referat frå oppstartsmøte 13.11.2018 vedkjem reguleringsplan Ljøsøyna og omegn | 56854 |
| 28.12.2017 | Reguleringsplan Ljøsøyna og omegn - referat frå oppstartsmøte(87726)-Statoil_pgs | 56855 |

Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

Plan- og bygningslova

Forskrift til plan- og bygningslova om konsekvensutgreiing

Kommuneplan 2014-2022

Reguleringsplan for Kollsnes næringspark m.fl. innanfor skissert planområde

Saksopplysningar:

Anlegg for mottak og mellomlagring av CO2 er planlagt plassert sør på Ljøsøy, innanfor område til gjeldande reguleringsplan for Kollsnes næringspark.

Reguleringsplanen skal i tillegg til dette også omfatte den del av røyrleidninga som ligg innanfor plan- og bygningslova sitt virkeområde.

I sjøområde gjeld plan- og bygningslova ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinjene.

Det er så langt ikkje avklart om røyrleidninga skal gå direkte austover til sjø i Hjeltefjorden og vidare til Smeaheia, eller om den skal gå vestover over land i Øygarden og deretter i sjø fram til permanent lagring i Smeaheia området.

Det vert vurdert alternative trasear for røyrleidninga innanfor vist planområde både på land og i sjø.

Planprogrammet har følgjande innhald:

-Innleiing

-Skildring av tiltaket og alternativvurderingar

-Planområdet – dagens situasjon

-Overordna føringar

-Førebelse vurderingar av miljøkonsekvensar og moglege avbøtande tiltak

- Førebelse vurderingar for fiskeri og andre næringer
- Førebelse vurderingar av samfunnsnyttige konsekvensar
- Forslag til utgreiingsaktivitetar i konsekvensutgreiinga
- Prosess og medverknad

Kortfatta hovudinnhald i forslaget til planprogram:


Innleiing

Gassnova SF som er statens føretak for CO₂ handtering gav Statoil i oppdrag å utgreie moglege lokasjonar for eit landanlegg for mottak, mellomlagring og vidare transport av CO₂ for permanent lagring under havbotnen på kontinentalsokkelen.

Dette med bakgrunn i krav mot Noreg om reduksjon av CO₂ utslepp etter Paris avtalen.

I oktober 2017 signerte Statoil ein samarbeidsavtale med A/S Norske Shell og Total E&P AS, som likeverdige partnarar for heile prosjektet som gjeld lagring og transport av CO₂.

Det er avgjort at mottaksanlegget skal etablerast i Naturgassparken dersom Stortinget fattar ei positiv investeringsavgjerd i 2019.



Tiltaket er underlagt krav til konsekvensutgreiing både etter forskrift om lagring og transport av CO₂ på sokkelen (lagringsforskrifta) og forskrift om konsekvensutgreiingar til plan- og bygningslova.

Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO₂. Grunnlaget for å fremje dette forslaget til planprogram til konsekvensutgreiing er § 4-1 i plan- og bygningslova.

Skildring av tiltaket og alternativvurderingar

Mottaks- og mellomlageret på land er tenkt utbygd i fleire fasar, avhengig av mengde CO₂ som skal takast i mot. Mottaks- og mellomlageret vil bli utforma slik at dette er basert på modular som kan utvidast etter behov.

Det må være mogleg å etablere 2 kaier ved anlegget, for å kunne oppretthalde ein høg fleksibilitet og regularitet ved anlegget. Førebels er skipsrelaterte kapasitetar definert som følgjer:

- Spesialbygde skip med trustere
- Skipsstorleik; opptil 160 meter lengde og djupna 8 meter
- Skipskapasitet; 9.000 tonn CO2 pr. skipslast
- Opptil ca. 140 skipsanløp pr. år for fase 1

Landanlegget vil bestå av følgjande hovudelement:

- Kaianlegg med lossearm, rør- og ventilarrangement for mottak av flytande CO2 frå skip
- Røyr og utstyr for transport av flytande CO2 frå kaianlegg til lagertankar
- Eit større tal lagertankar for midlertidig lagring av CO2. Tankane kan bli liggande horisontalt, eller montert vertikalt med høgde på inntil 40 meter.
- Prosess system nødvendig for retur av CO2 frå lagertankar til transportskip under lossing
- Høgtrykkspumper for transport og injeksjon
- Interne røyrsystem
- Hjelpesystem, bl.a. prosess system for kondisjonering av CO2 for transport og injeksjon (pumper og varmevekslarar etc.)
- Vent-system inkl. eventuelt varmesystem for oppvarming av CO2 av sikkerheitsgrunnar
- Avlastningstårn for trykkavlastning/gassfrigjering
- Lagertankar og system for injeksjon av kjemikalier offshore (dersom kjemikalieinjeksjon er naudsyn, MEG og hydraulikkvæske for å operere ventilar)
- Kraftforsyning og lokal kraftfordeling
- Administrasjonsbygg med besøkssenter
- Målestasjon for CO2
- Overvakings-, styrings- og kontrollsystem


Det er skissert mogleg plassering av mottaksanlegget heilt sør på Ljøsøy, men anlegget kan også bli plassert lengre nord på øya.

Det er skissert fleire alternative trasear og røyrleisningar både på land og i sjø for røyrleidninga mellom Naturgassparken og injeksjonsbrønn i Smeaheia. Det kan bl.a. vera aktuelt å gjenbruka del av eksisterande 12 tommer gassrøyrleidning mellom Kollsnes og Mongstad. På land er det vist alternative trasear på nordsida- og på sørsida av Kollsnes anlegget.

I tillegg til røyrleidninga er det behov for å leggje kraft og styringskabel frå Naturgassparken eller evt. frå Kollsnes til anlegget i Smeaheia. Det er skissert 5 ulike trasear for legging av denne.

Planområdet – dagens situasjon

Planområdet har eit areal på 75 000 dekar. Arealet vil verte redusert i løpet av planprosessen til berre å omfatte naudsynt areal. Det vert i startfasen teke høgde for alle alternative trasear for røyrleidning og kontrollkabel.



Plangrense med alternative rørleidningstrasear

Området for lokalisering av eit landanlegg er prega av tidlegare industri og utbyggingsaktivitet. Det er ligg føre tidlegare konsekvensutgreiingar og anna som skildrar dei miljømessige forholda i området.

Overordna føringar

I forslaget til planprogram er det lista opp statlege, regionale og kommunale føringar for planarbeidet. Gjeldande kommuneplan (2014-2022), 4 reguleringsplanar i og ved området, samt 5 temaplanar er lista opp som kommunale føringar.

Det pågår arbeid med endring av reguleringsplanen for Kollsnes næringspark der CO2 landanlegget er tenkt plassert. Hovudformålet med endringa er:

- Behov for større samanhengande og meir brukbare industriområde
- Aktuell lokalisering av anlegg for CO2-lagring
- Aktuelt for Marine Harvest å utvide si verksemd
- Ønske om innlemming av uregulert areal i nord som utviding av planområdet

Førebelse vurderingar av miljøkonsekvensar og moglege avbøtande tiltak

Det er gjort ei førebels vurdering av miljøkonsekvensar og moglege avbøtande tiltak i forhold til miljø-/naturverdiar, særleg verdfulle område, utvalde naturtypar, landskap og friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, samt utslepp. Basert på desse vurderingane er det gjort ei opplisting over tema for konsekvensutgreiing.

Førebelse vurderingar for fiskeri og andre næringar

Frå Kystverket sin nettbaserte kartløyning (Yggdrasil) er det innhenta kart over dei kystnære fiskeriaktivitetane.

Det er fleire område med fiskeriaktivitet som kan bli råka ved legging av røyrleidning og kabel. Konsekvensutgreiinga vil omtale desse nærare og vurdere eventuelle avbøtande tiltak for reduksjon av eventuelle konflikhtar.

Det er vidare gjort ei førebels konsekvensvurdering i forhold til andre næringar som offshore- og havvindkraft, skipsfart, forsvaret og landbruk. I konsekvensutgreiinga vil det gjerast vurderingar knytt til korleis eit landanlegg for CO2 lagring med tilhøyrande eksportsystem vil kunne påverke andre næringar på land.

Førebelse vurderingar av samfunnsnyttige konsekvensar

Tiltaket utløyer krav til reguleringsplanprosess etter reglane i Plan- og bygningslova (PBL). Røyrleidningar i sjø for transport av petroleum vert ikkje omfatta av PBL (jamfør PBL §1-3). Det same unntaket er ikkje gitt for røyrleidningar i sjø for transport av CO2. Reguleringsplan for prosjektet vil derfor omfatte landanlegg, kontroll- og styringskabel, og røyrleidning på land og i sjø ut til 1 nautisk mil utanfor Grunnlinja (PBLs verkeområde). Det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing for tiltaket, som skal handterast og behandlast etter både Lagringsforskrifta (som del av PUD og PAD) og Plan- og bygningslovas reglar (som del av regulerings-planen). Framdrift i reguleringsplanprosessen vil i samråd med Øygarden og Fedje kommunar så langt det er praktisk mogleg bli samordna med konsekvensutgreiingsprosessen.

Det er gjort førebelse vurderingar av følgjande som vedkjem samfunnsmessige konsekvensar: grunneigarprosessar, trafikale forhold og barn sine oppvekstvilkår, ROS-analyse, kraftbehov og tilknytning til kraftnett, avfall og avfallshandtering og samfunnsøkonomiske forhold.

Det er inngått opsjonsavtale med CCB Kollsnes AS for kjøp av det aktuelle området i Naturgassparken. Det vil ikkje bli kjøpt grunnareal for røyrleidnings- og kabeltrasear. Det vert teke sikte på å oppnå frivillige avtalar med grunneigarar og rettighetshavarar. Operatøren vil dekke kostnader til juridisk bistand for desse. Det vil likevel bli søkt om løyve til oreigning av naudsynt grunn og rett til å byggja og drive kabel- og røyrleidningsanlegget, inkludert rett til ferdsel og transport. Samt at det vert søkt om løyve til at oreigningsinngrep kan setjast i verk før skjønn er halde (forhåndstiltredelse).

Forslag til utgreiingsaktivitetar i konsekvensutgreiinga

Det er lista opp følgjande tema som skal vera gjenstand for konsekvensutgreiing:

- Fiskeri, havbruk og marint biologisk mangfald
- Landbruk, landskap og friluftsliv
- Naturmiljø og biologisk mangfald på land
- Kulturmiljø og kulturminne på land, feltarkeologisk forundersøkingar (Hordaland fylkeskommunen)
- Samfunnsøkonomiske og samfunnsmessige konsekvensar
- Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)
- Seismisk aktivitet CO2 røyrleidning
- Marinarkeologiske vurderingar (Bergens Sjøfartsmuseum)

Prosess og medverknad

Det er utarbeidd følgjande tidsplan for detaljreguleringsplanen med konsekvensutgreiing:

- Forslag til planprogram - november 2017/januar 2018
- Varsel om regulering og høyring av planprogram - februar 2018
- Handsaming av innspel og merknadar - april 2018
- Fastesting av planprogram - mai 2018
- Innsending av reg.plan m/KU - september 2018
- Off. ettersyn reg.plan m/KU - desember 2018
- Handsaming av merknadar - februar 2018
- Innsending av reg.plan m/KU 2.gang - april 2019
- Godkjenning av reguleringsplan m/KU - juni 2019

Gjennomføring av medverknad og informasjon:

Medverknadsprosessen vert styrt etter plan- og bygningslova med tilhøyrande krav til medverknad og informasjon. Det vert i samband med oppstart av planarbeid og høyring av planprogram også lagt opp til to informasjonsmøte. Eitt møte for naboar og verksemder i Naturgassparken og eit ope informasjonsmøte i Kystmuseet i Øygarden.

Det kan også bli aktuelt å ha fleire informasjonsmøte eller liknande seinare i planprosessen. Planarbeidet skal presenterast i planforum hos Hordaland fylkeskommune 27. februar 2018.

Økonomiske konsekvensar:

Utbygging og drift av eit permanent CO2 lager med tilhøyrande landanlegg med mellomlager og eksportanlegg vil gje samfunnsmessige verknader både for det norske samfunnet som heilskap, regionalt på Vestlandet og lokalt ift. støttefunksjonar, kjøp av lokale varer og tenester. Investeringane vil danne grunnlag for skatteinntekter for både stat og kommune.

Det er ikkje etablert mekanismar for ei bedriftsøkonomisk lønnsemd basert på gjennomgåande prising av CO2 i ein fangst-, transport og lagringskjede. Som følgje av dette, vil utbygging og drift av ein CO2 verdikjede måtte delfinansierast av staten.

Investeringskostnader vil skape verdiskaping og både direkte og indirekte sysselsetting i ulike bransjar i norsk og utanlandsk næringsliv.

Under drift vil det bli etterspurnad etter regionale og lokale tenester, som vil medføre lokal verdiskaping, og direkte og indirekte sysselsetting. Konsekvensutgreiinga vil skildre nærare nasjonal og regional verdiskaping og sysselsettingsverknader, inkludert inntekter og utgifter til staten, og inntekter til kommunane som følgje av utbygging og drift av CO2 lagerløysinga.

Miljøkonsekvensar:

Planprogrammet vil avklare kva tema som er aktuelle for konsekvensutgreiing i forhold til miljø og samfunn. Miljøkonsekvensane vert vurdert i sjølve KU arbeidet.

Folkehelseperspektiv:

Fleire forhold som gjeld folkehelse vil verte vurdert i arbeidet med konsekvensutgreiing, ROS-analyse og sjølve reguleringsarbeidet.

Vurdering og konklusjon:

Krav til konsekvensutgreiing og reglane for gjennomføring og behandling av desse framgår av kapittel 4 i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrift om konsekvensutgreiingar.

Paragraf 14 i KU forskrifta set følgjande krav til planprogram:

«Et planprogram og en melding med forslag til utredningsprogram skal inneholde en beskrivelse av:

a) planen eller tiltaket, det berørte området og de problemstillingene som i den konkrete

saken anses viktige for miljø og samfunn

b) forholdene som etter kapittel 5 skal utredes, og hvilke metoder som er tenkt benyttet for å skaffe nødvendig kunnskap

c) relevante og realistiske alternativer og hvordan disse skal vurderes i konsekvensutredningen

d) plan- eller søknadsprosessen, med frister i prosessen, deltakere og plan for medvirkning fra særlig berørte grupper og andre.

Planprogrammet eller meldingen skal også inneholde kart over det berørte området.»

Slik rådmannen vurderer det er forslaget til planprogrammet slik det no ligg føre framstilt i tråd med opplista krav.

Rådmannen meiner det heller ikkje er særlege merknadar til innhaldet og føreslegen tema for konsekvensutgreiing. Det er positiv at ein vurderer mange alternative trasealternativ og løysningar for rørleidning og kabel. Ein ser likevel at det kan vera store utfordringar i forhold til landalternativa.

Innstilling til vedtak:

Utval for drift og samfunnsutvikling vurderer det slik at utkast til planprogram til «Detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO2» er utarbeidd på ein tilfredsstillande måte, og gjev eit godt grunnlag for arbeidet med konsekvensutgreiing og reguleringsplan. Gjeld forslag til planprogram datert Januar 2018.

Utvalet sluttar seg til val av utgreiingstema for konsekvensutgreiing.

Forslag til planprogram kan sendast på høyring ved varsel om oppstart av planarbeidet. Jfr. § 12-9 i plan- og bygningslova.

UDS sin vurdering er knytt til reguleringsarbeid i Øygarden kommune.

Behandling i Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) 05.02.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for Drift og Samfunnsutvikling (UDS) - 003/18

Utval for drift og samfunnsutvikling vurderer det slik at utkast til planprogram til «Detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO2» er utarbeidd på ein tilfredsstillande måte, og gjev eit godt grunnlag for arbeidet med konsekvensutgreiing og reguleringsplan. Gjeld forslag til planprogram datert Januar 2018.

Utvalet sluttar seg til val av utgreiingstema for konsekvensutgreiing.

Forslag til planprogram kan sendast på høyring ved varsel om oppstart av planarbeidet. Jfr. § 12-9 i plan- og bygningslova.

UDS sin vurdering er knytt til reguleringsarbeid i Øygarden kommune.

Siri Fahlvik Pettersen
Rådmann

Øyvind Lunde
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.